

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
18/438-2/KJA

Dato  
06.09.2018

## Staten bryt egne skrivereglar og retningslinjer for namnelaging

### Bakgrunn

I statsråd 10. august 2018 vart det vedteke at Fredskorpset skal byta namn til *Norsk senter for utvekslingssamarbeid*, med *Norec* som kortform. Kortforma byggjer på den engelske versjonen av namnet på institusjonen, *Norwegian agency for exchange cooperation*. I praksis må ein gå ut frå at det likevel er *Norec* som vil fungera som det faktiske bruksnamnet på institusjonen.

I brev til Utanriksdepartementet dagsett 30. august 2018 (med kopi til Kulturdepartementet) har Språkrådet gjort greie for uheldige sider både ved sjølve namnevalet og ved prosessen rundt det. Korkje Utanriksdepartementet eller Fredskorpset har konsultert Språkrådet, jf. Kulturdepartementets [rundskriv V-9B/2016](#) «Språkfaglige konsultasjonsrutiner for navnelaging i staten» dagsett 9. september 2016:

*Departementene bør påse at Språkrådet blir konsultert på et tidlig tidspunkt i saker som gjelder navn på underliggende og tilknyttede virksomheter.*

Dersom Språkrådet hadde vorte konsultert i saka, ville vi ha gjeve råd og rettleiing som går ut på at eit nytt namn både skal følgja norske skrivereglar, og at namnet skal vera språkleg velforma, jf. Språkrådets rådgjevande «[retningslinjer for fastsetting av navn på statsorganer](#)», som utdjupar og supplerer rundskrivet frå Kulturdepartementet.

### Eit uheldig mønster i namnelagingssaker

Språkrådet har notert seg fleire saker dei siste åra der statsorgan og statstilknytte verksemder har fått namn som er i strid med norske skrivereglar, eller som bryt med dei tilrådde prinsippa for namnelaging.

I 2016 fekk det nye statsføretaket som etterfølgde Jernbaneverket, namnet *Bane NOR SF*. Språkrådet tok då saka opp direkte med det nye føretaket, og informerte dessutan Kulturdepartementet om prosessen. Kort tid etter sende Kulturdepartementet ut rundskriv V-9B/2016.

Røynsla i ettertid er diverre at Språkrådet framleis ofte ikkje blir konsultert i slike prosessar. Dette er alvorleg. Dette gjeld fleire saker der prosessen har enda med at eit statsorgan har fått eit namn som Språkrådet sterkt ville ha frårådd.



Vi vil for det første visa til vedtaket om namnebyte frå *Høgskolen i Oslo og Akershus* til *OsloMet – storbyuniversitetet* i statsråd 12. januar 2018. Dette vedtaket vart gjort jamvel om Språkrådet i brev til Kunnskapsdepartementet dagsett 19. desember 2017 tilrådde at *OsloMet* måtte avvisast som namn på det nye universitetet. I brevet viste Språkrådet særleg til at 1) det er problematisk at ein kunnskapsinstitusjon vel å skriva namnet på ein måte som er i strid med norske skrivereglar, og 2) at namnet sender eit signal om at staten ikkje overheld eigne rettskrivingsreglar og retningslinjer for god namneskikk.

I denne samanhengen viser òg vi til brev frå Språkrådet til Kulturdepartementet dagsett 18. januar 2018. I det brevet gjorde Språkrådet greie for korleis det vedtekne namnet bryt med norske skrivereglar, og at vi difor tilrår skrivemåten *Oslomet*.

For det andre har vi no i august 2018 eit statsorgan under Utanriksdepartementet, *Norec*, som har fått eit namn som bryt med norske skrivereglar og tilrådde retningslinjer for namn på statsorgan.

### **Overordna prinsipp for språkpolitikken**

I St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* heiter det på s. 14:

*Det overordna målet for språkpolitikken må [...] vera å sikra det norske språkets posisjon som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg.*

I den samanhengen er det ikkje minst viktig at staten sjølv følgjer opp språkpolitikken ved å gi sine egne verksemder gode og så langt som råd sjølvforklarande namn som er i tråd med norske skrivereglar og norsk språkstruktur. Språkpolitikken er sektorovergripande, og difor har alle departement eit sjølvstendig ansvar for å ta språklege og språkpolitiske omsyn i val av namn på underliggjande og tilknytte verksemder.

### **Oppsummering og tilråding frå Språkrådet**

For Språkrådets omdøme er både prosessane og sjølvnevala uheldige. Tendensen dei seinare åra er at statlege verksemder som skal skifta namn, anten ikkje konsulterer statens fagorgan for språkspørsmål i det heile, eller at vel dei å ikkje ta omsyn til råda frå Språkrådet eller jamvel polemisera mot desse råda i offentlegheita. I tillegg gjer val av verksemdsnamn som er i strid med normering og skrivereglar, det vanskelegare for Språkrådet å fremja bruken av god og korrekt skriftleg norsk i samfunnet. Dersom staten sjølv ikkje følgjer rettskrivingsreglane, er det vanskeleg å stilla krav om at samfunnet elles skal visa respekt for desse.

Språkrådet meiner at dei to sakene frå 2018 (*OsloMet* og *Norec*) illustrerer

- 1) at departementa ikkje teke inn over seg Kulturdepartementets rundskriv V-9B/2016, og at konsultasjonsordninga ikkje fungerer i praksis
- 2) at departementa og regjeringa ikkje er medvitne om at namnelaging i staten er språkpolitikk i praksis

**Språkrådet bed Kulturdepartementet ta med seg dette innspelet i arbeidet med ny språklov. Etter Språkrådets skjønn bør Kulturdepartementet vurdere om reglar for val av namn og om skrivemåte av namn på statsorgan og statstilknytte verksemder skal nedfellast i lov eller forskrift. Det same bør skje med reglar om språkfagleg konsultasjon i samband med slike namneval.**

Venleg helsing

Åse Wetås  
direktør

Margrethe Kvarenes  
seksjonssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.*

Mottakarar:  
Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep 0030

OSLO